



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 14.02.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 15.00 - 17.50

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 07.02.18 og møtet var kunngjort i pressa 12.12.17 og 07.02.18.

Ved opprop var 26 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 01 – 09.

Ordførar takka kommunestyret for blomehelsing til 50-årsdagen.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 15:45 – 16:10.

I starten av møtet orientert Helga Irene Ellingsen i Masfjorden kommune (vertskommune) og prosjektmedarbeidar Oddrun Kari Storheim Hoel om "Nordhordland – saman om velferdsteknologi".

Victor Ebbesvik, KS Vest orienterte om undersøking knytt til lokaldemokrati, i regi av KS. Kommunestyremedlemmene svarte på spørsmåla i demokratiundersøkinga i papirutgåve.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Beate Seveline Eknes	Uavh	Medlem

Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Åshild Aamli	MDG	Medlem
Berit Ohnstad	AP	Varamedlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Steinar Erstad	H	Varamedlem
Dag Erik Hagesæter	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Henriette Fennelly	FrP
Mabel Johansen	H
Morten Klementsens	BF
Øystein Berland Blom	H
Åse Nina Sudmann	AP

Desse møte frå administrasjonen: Rådmann Martin W. Kulild, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og sektorsjef teknisk Anny Bastesen.

Protokollfører: Randi Hilland

20. februar 2018

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Hilland
Konsulent

Nils Marton Aadland
varaordfører

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2018	Godkjenning av møteprotokoll
03/2018	Referatsaker
04/2018	Orientering om status Alver kommune
05/2018	Omorganisering av IKTNH og oppstart av utgreiing knytt til ei eventuell utviding av IKT-samarbeidet
06/2018	Utviding av Meland kyrkjegard og oppstart av planprosess
07/2018	Utviding av disposisjonsrett gnr/bnr 27/191 Moldekleiv for Austebygda Fritidspark
08/2018	Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - 1. rullering av handlingsplan for 2018/19
09/2018	Stadfesting av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	17/3102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret - 01/2018

KS - behandling:

Ordførar opplyste om at det var kome inn 2 grunngitte spørsmål, som det vil verte svara på i slutten av møtet.

KS - samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	17/3102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 13.12.2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 13.12.17 vert godkjent.

Kommunestyret - 02/2018

KS - behandling:

KS - samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møte 13.12.17 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	17/3102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2018.1	Meland kontrollutval - Møteutskrift frå møte 01.02.2018
03/2018.2	Meland kontrollutval - Årsmelding 2017 og Særutskrift frå sak 07/18
03/2018.3	Særutskrift frå møte, sak 04/18 i møte 01.02.18 - Oppfølging av forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta
03/2018.4	Møte 3-2017 i Utval for helse og omsorg, protokoll 15.09.17
03/2018.5	Protokoll Representantskap 3-2017 Region Nordhordland Helsehus IKS, 8.12. 2017
03/2018.6	Høyring - Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 og stortingsvalet i 2021
03/2018.7	Tilbakemelding høyringssvar revidert rammeplan for avkjørsler og byggjegranser

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Kommunestyret - 03/2018

KS - behandling:

Sølvi Knudsen refererte skriv nr 7 og ville ha svar på kva konsekvensar tilbakemeldinga frå Statens Vegvesen har.
Ordførar svarte.

KS - samrøystes vedtak:

Meldingane og orienteringa vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE - 033	17/3102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Orientering om status Alver kommune

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Kommunestyret - 04/2018

KS - behandling:

Ordførar orienterte frå møta i Fellesnemnda og temamøte som hadde vore i januar og februar.

KS - samrøystes vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE - 056, FE - 037, FE - 034, TI - &20	18/281

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Omorganisering av IKTNH og oppstart av utgreiing knytt til ei eventuell utviding av IKT-samarbeidet

Vedlegg:

Sak 3-18 Vedtekter - IKT Nordhordland - endring til paragraf 27

Sak 3-18. Mandat for konseptfase - IKT Nordhordland utviding av samarbeidet

Protokoll Regionrådet 1-2018, 31. januar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

IKT Nordhordland er leverandør av IKT tenester til kommunane Lindås, Osterøy, Modalen, Vaksdal, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje og Masfjorden. IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale der eininga vart organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid. Osterøy kommune er vertskommunen.

Samarbeidet har bidratt til gode og effektive IKT-tenester i regionen og samarbeidande kommunar nyter gode og effektive tenester av høg kvalitet.

Krav til digitalisering og utvikling set nye krav til organisering og utvikling av IKT området. Dette medfører at Nordhordland må revurdere dagens organisering av IKT-området. I tillegg har andre kommunar meldt si interesse for å delta i samarbeidet til Nordhordland.

På bakgrunn av dette vert det naudsynt å ta stilling til to hovudspørsmål:

1. Dagens vertskommunemodell oppfyller ikkje krava til eigenregi i forvaltning av IKT tenestene på vegne av andre kommunar i eit samarbeid. Dette medfører at det er naudsynt med endring i vertskommunemodellen. Ei slik endring vil vera viktig del av den formelle styringsmodellen for samarbeidet, med eller utan utviding av samarbeidet med fleire kommunar.
2. Opptak av nye samarbeidande kommunar i IKT-samarbeidet.

1. Organisering av samarbeidet på IKT-området

For å møte framtidige utfordringar foreslår ein å omorganisere samarbeidet etter kommunelova § 27. Denne ordninga oppfyller lov om offentlege anskaffingar sine krav til unntak for eigenregi. Eigenregi, som legg til grunn at deltakande kommunar har styring over organiseringa i samarbeidet, er ein føresetnad for å vera i samsvar med reglane for offentlege anskaffingar.

Loven stiller krav til at det skal være vedtekter for det interkommunale styret. Minimumskrava til kva vedtektene skal ha som føresegn er:

- a. Styrets samansetning og korleis det vert utpeika
- b. Området for styrets verksemd
- c. Om deltakarkommunane skal gjera innskot til verksemda
- d. Om styret har myndigheit til å ta opp lån eller på annan måte pådra deltakarane økonomiske forpliktingar
- e. Tre ut frå eller oppløysning av samarbeidet

Det er ikkje noko i vegen for at ein fylkeskommune eller kommune kan tiltre eit eksisterande § 27 samarbeid, men dei deltakande kommunane må akseptere det gjennom å endre vedtektene.

I eit interkommunalt styre må alle deltakande kommunar og fylkeskommunar vere representert. Styret si samansetning vil bestå av Rådmennene i kvar kommune. Utan ein slik representasjon ville ein i realiteten ha overdratt vedtak og styringsmyndigheten til dei andre deltakarane. Når mange deltar i samarbeidet, vil styret kunne verta uhensiktsmessig stort. Det kan difor vere hensiktsmessig at Styret fungerer som eit Representantskap og kan ha eit mindre organ under seg som kan fungere som eit styre. Det høgaste organ vil framleis vera Representantskapet (styret etter reglane i Kommuneleova § 27).

2. Orientering om moglegheit for å utvide samarbeidet

IKTNH har motteke interesse frå fleire kommunar i Hordaland om å delta i IKT-samarbeidet til Nordhordland. Med bakgrunn i dei satsingane som no kjem i kommunesektoren, vil mange av kommunane ha ei stor utfordring med kompetanse, kapasitet og økonomi til å henge med på den utviklinga som skjer. I dette skjeringspunktet vil IKTNH kunne tilfredsstille behova som dei interesserte kommunane har til IKT-driftstenester og -tenester, men som dei sjølv ikkje vil ha kapasitet til å drifte og utvikle. For desse kommunane vil eit samarbeid med Nordhordlandsregionen på IKT vera særskilt aktuelt.

Det representerer ei stor moglegheit for Nordhordland å byggje verdi på dei investeringane som er gjort på IKT infrastruktur. Samtidig vil Regionen markere seg som ein sentral og viktig part i vidareutviklinga for IKT i Hordaland. Dette er også støtta av Fylkesmannen som ynskjer økt grad av samarbeid, slik at kommunar som ikkje har evne til å utvikla seg får eit IKT fagleg løft.

Organisering av IKTNH som eit §27 selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vere ønskjeleg frå kommunane i Nordhordland.

Ei konseptfase vil avklare grunnlaget for ei utviding av IKT samarbeidet med fleire kommunar. Resultatet av konseptfasen vil verta framlagt regionrådet for eit vedtak om eventuelt å gå vidare med eit planleggingsprosjekt. Eit planleggingsprosjekt vil danne grunnlaget for ei utgreiing om eit endeleg vedtak om utviding av samarbeidet.

Denne utgreiinga med forslag til vedtak vert framlagt kommunestyra i Nordhordland for endelege vedtak.

Framlegg til vedtak:

1. Meland kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Meland kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Kommunestyret - 05/2018

KS - behandling:

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 25 røyster for, (7 AP, 5 H, 3 SP, 3 KrF, 2 FrP, 2 MDG, 1 V, 2 Uavh), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

KS – vedtak (mot 1 røyst):

1. Meland kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Meland kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - D41, TI - &41	16/1448

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Utviding av Meland kyrkjegard og oppstart av planprosess

Vedlegg:

Moglegheitsstudie - Utviding Meland kyrkjegard

Evalueringsskjema

Vurdering kostnader alternative plasseringar av gravplass

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka har vore behandla i formannskapet, og går vidare til kommunestyret med same saksutgreiing og tilråding etter ein høyringsrunde.

Meland kyrkjegard har snart for liten kapasitet, og det er behov for å utvide gravplassen. Det er eit krav i Gravferdslova at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggjarane til ei kvar tid.

I kommuneplanen vart det i 2015 satt av eit nytt areal til gravplass nord for kyrkja. Arealet er relativt flatt og ligg nær kyrkja. Området vart vurdert som godt tilgjengeleg, og ville ikkje gje problem med bratt terreng slik som er tilfelle for eksisterande gravplass.




Nytt areal til gravplass i kommuneplanen sin arealdel 2015 vist i raudt

I budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019 vart det satt av tilsaman 20 mill kr til utviding av gravplassen. Våren 2016 vant Asplan Viak anbodet på utarbeiding av reguleringsplan for området. Det viste seg tidleg at det var behov for å gjere nokre initielle grunnundersøkingar av området før ein formelt sette i gang reguleringsplanarbeidet.

Grunnundersøkingar utført hausten 2016 viste at det var høg grunnvasstand i området. I følge gravferdsforskrifta skal høgaste grunnvasstand ligge minst 0,3 m under kiste eller urne. For å tilfredsstille dette kravet ville det vere behov for å heve terrenget med rundt 1,5 m.

Vurdering

Resultata av grunnundersøkinga gjorde det nødvendig å vurdere lokalisering av gravplassen på ny. Sommaren 2017 vart det utarbeidd ei moglegheitsstudie for å vurdere fire ulike alternativ for utviding av gravplassen. Her vart arealet avsatt i kommuneplanen, arealet avsatt i eksisterande reguleringsplan samt to andre alternativ nær kyrkja vurdert.



Alternativ for utviding av gravplass vurdert i moglegheitsstudia

Moglegheitsstudia har vurdert dei ulike lokaliseringene basert på mange faktorar. Mellom anna: tilkomst, topografi, grunnvatn, proporsjonar, naboskap, tryggleik, mm.

Konklusjonen var at både alternativ B, C og D vil krevje store og kostbare inngrep i landskapet grunna høg grunnvasstand i alle områda. Alternativ A er det einaste alternativet som ikkje har problem med høg grunnvasstand. Derimot er dagens tilkomst problematisk grunna bratt terreng frå kyrkja og opp til gravplassen. Dette kan løysast ved å utbetre tilkomstvegen og etablere ein ny og større parkeringsplass på toppen av tilkomstvegen.

Dette vil også gje mykje betre tilkomst til eksisterande gravplass.

Ut i frå ei totalvurdering er det alternativ A som peikar seg ut til å vera den fagleg beste tomte på dei aller fleste punkta. Arealet ligg i eit småkupert område mellom opparbeidd gravplass og lauvskog. Tomta er skogsmark, og ikkje dyrka mark. Driftsmessig er det også svært gunstig å ha ein samla gravplass slik alternativ A legg til rette for. Kostnadane knytt til drift vert mindre med å ha ei større eining enn å dele opp i fleire uavhengige gravplassar. Dette arealet er allereie regulert til gravplass, men det vil vere behov for ei reguleringsendring for å sette av noko meir areal til tilkomst og parkering.

I etterkant av mogleighetsstudia er ny tilkomstveg nærare utgreidd, og det vert tilrådd å utbetre eksisterande veg basert på grovskissa vist under:



Skisse ny tilkomstveg til gravplassen

I tillegg har det blitt gjort vurderingar kring kostnader for dei ulike alternativa, men det er ikkje laga til konkrete kostnadsoverslag grunna for stor usikkerheit. I økonomiplan investering er det, basert på ei heilt initiell grovkalkyle, satt av 20 mill kr til heile prosjektet. I vidare arbeid med eit forprosjekt vil det bli utarbeidd eit konkret kostnadsoverslag, men foreløpig er det gjort nokre generelle vurderingar kring kostnader.

Alternativ B, C og D vil ha tilnærma like kostnader ettersom dei har dei same utfordringane knytt til høg grunnvasstand og behov for tilføring av mykje massar. Alternativ A er gunstigare ettersom overskotsmasse frå opparbeiding av ny veg kan nyttast til omlegging av Bjørnestadvegen. Det er også mykje mindre behov for tilføring av massar. Mykje massetransport er kostnadskevjangende og uheldig med omsyn til miljø og trafikksikring langs tilkomstvegane. Sjølv om bygging av ny tilkomstveg til gravplassen vil gje meirkostnader, er det vurdert at tilkomstvegen uansett bør byggjast for å sikre universell utforming for eksisterande gravplass.

Prosess

Saka har vore lagt fram for Formannskapet for tilråding. Saka har også vore på høyring til Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Bispedømet og Soknerådet har også hatt saka til behandling. Alle utvala har fulgt Rådmannen sitt framlegg til vedtak om Alternativ A med oppgradert tilkomstveg som lokalisering for vidare utviding av Meland kyrkjegard.

Rådmannen rår til at arealet som i dag er satt av til ny gravplass i arealdelen til kommuneplanen, vert teke ut ved neste rullering av arealdelen dersom alternativ A vert valt.

Konklusjon

Rådmannen rår til at konklusjonane i moglegheitsstudia vert følgt, og at Alternativ A vert valt som lokalisering for utviding av Meland kyrkjegard.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Alternativ A med oppgradert tilkomstveg vert valt som lokalisering for vidare utviding av Meland kyrkjegard. Kommunestyret ber Rådmannen sette i gang reguleringsplanprosess for området.

Kommunestyret - 06/2018**KS - behandling:****Tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland, H:**

I planprosessen bør ein også vurdere om overskotsmasse frå prosjektet kan nyttast til omlegging av FV 244 ved Meland kyrkje.

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

KS - samrøystes vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Alternativ A med oppgradert tilkomstveg vert valt som lokalisering for vidare utviding av Meland kyrkjegard. Kommunestyret ber Rådmannen sette i gang reguleringsplanprosess for området.

I planprosessen bør ein også vurdere om overskotsmasse frå prosjektet kan nyttast til omlegging av FV 244 ved Meland kyrkje.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - L74, FA - D39, FA - C11	18/107

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018
07/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Utviding av disposisjonsrett gnr/bnr 27/191 Moldekleiv for Austebygda Fritidspark

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Austebygda Fritidspark søker om utviding av disposisjonsrett for nye 20 år på gnr/bnr 27/191 på Moldekleiv, like sør for Grasdal skule. Matrikkeleininga er i kommunalt eige og vart oppretta i 2005 i samband med etablering av ballbinge, anleggsnummer 52265. Søknaden står i samheng med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av BMX-bane/nærmiljøanlegg. Slik godkjenning er kravd i forkant av tiltaket for å kunne søkje om spelemidlar i ettertid. For å kunne kvalifisere for spelemidlar må søkjar ha bruks- eller disposisjonsrett på grunn i 20 år, og sidan dagens rett vart gitt i samband med spelemiddelsøknaden i 2005, må han fornyast.

Vurdering

Austebygda Fritidspark (søkjar) har drifta ballbinga sidan 2006 på frivillig basis, med inntekter mellom anna gjennom kontingent frå husstandar i nærmiljøet. Ballbingen er godt vedlikehaldt og står saman med andre opparbeida område aust på arealet. Søkjar har lenge hatt ønske om å etablere ein BMX-bane i området, og arealet sørvest for ballbingen har i arealdelen av kommuneplanen formål til idrett, etter innspel frå søkjar. I denne omgang ønskjer søkjar å etablere ein mindre bane på det arealet dei allereie disponerer, eit tiltak som er festa i *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019* (idrettsplanen), og er i tråd med gjeldande reguleringsplan samt hovudmåla for eigenorganisert aktivitet i idrettsplanen.

Folkehelse

Tiltaket legg opp til ei styrking av eigenorganisert aktivitet i nærleiken av Grasdal skule. Denne typen aktivitet er ei viktig satsing i idrettsplanen, definert som «...aktivitetar organisert av den einskilde for sosial samling, rekreasjon, mosjon og trening». Høva til å drive eigenorganiserte aktivitetar er viktig for ungdom, som ofte går ut av den organiserte idretten ved overgangen frå barndommen, med redusert aktivitetsmengde som resultat. Etablering av BMX-bane vil vere svært positivt for folkehelsa til barn og unge i Grasdalkrinsen, som ikkje har gang- og sykkelveg til kultur- og idrettstilbod i Frekhaugområdet, og som treng gode sosiale og spontane møteplassar i nærområdet sitt.

Miljø

Tiltaket vil måtte oppfylle gjeldande krav, og rette seg etter føresetnadane i idrettsplanen, kap. 2.3.

Økonomi

Tiltaket skal gjennomførast av s kjar for spelemidlar og innvilga tilskot fr  Gjensidigestiftinga. S kjar har eigenkapital til   mellomfinansiere spelemiddeldelen av finansieringsplanen. Utviding av lysanlegget m  vurderast n rmare i samband med driftsbudsjettet, samt eventuelle spelemidlar til lys/n rmilj anlegg.

Konklusjon

Austebygda Fritidspark b r f  utvida disposisjonsretten med nye 20  r.

Framlegg til vedtak:

Austebygda Fritidspark f r disposisjonsrett p  gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode p  20  r. Disposisjonsretten er knytt til form let om etablering og drift av n rmilj anlegg.

Utval for levek r - 09/2018**ULK - behandling:****ULK – samr ystes framlegg til vedtak:**

Austebygda Fritidspark f r disposisjonsrett p  gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode p  20  r. Disposisjonsretten er knytt til form let om etablering og drift av n rmilj anlegg.

Kommunestyret - 07/2018**KS - behandling:****KS -samr ystes vedtak:**

Austebygda Fritidspark f r disposisjonsrett p  gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode p  20  r. Disposisjonsretten er knytt til form let om etablering og drift av n rmilj anlegg.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - F03, FE - 144	18/207

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018
08/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - 1. rullering av handlingsplan for 2018/19

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret godkjente i KS-11/2014 *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*. Planen legg opp til å rullere handlingsplanen kvart år i planperioden, som kommunen si prioritering av eigne tiltak, prioritering av spelemiddelsøknadar og forankring til andre søknadsordningar, som del av vedteken kommunal plan for idrett. Førre rullering var i 2017, KS-128/2017. Som i 2015/16 er det i år naudsynt med to rulleringar, for å justere etter faktiske forhold ved utviklinga av dei private anlegga i kommunen.

Vurdering

Følgjande er Meland kommune si prioritering for ordinære anlegg:

Prioritet	Anlegg	Stad	Kommentar	År
1	Kunstgrasbane 29x49m	Vestbygd skule	Ferdig	2016
2	Kunstgrasbane III med halloverbygg, lager og garderobar	Fossemyra idrettspark	Planlegging 2018	2018
3	Kunstgrasbane II – rehabilitering	Fossemyra idrettspark	Planlegging 2018	2018
4	Skytebane, innandørs	Espetveit	Planlegging 2018	2018-19

5	Lyssett turveg	Frekhaug	Planlegging 2018	2019-20
6	Sjøsportsanlegg	Flatøy	Under planlegging	2019-
7	Turpadling, brygge	Vikebø	Planlegging 2018	2018
8	Turkart		Planlegging 2019	2019
9	Driving range – oppgradering, samt takoverbygg	Meland Golf	Planlegging 2018	2018
10	Øvingsområde/ golfsimulator	Meland Golf	Planlegging 2018	2018
	Turpadling, båthus	Vikebø	Nybygg	
	Løpebane	Fossemyra	Nybygg	
	Sandvolleyballbane	Fossemyra	Nybygg	
	Sykelrampe	Fossemyra	Nybygg	
	Tennisbanar	Fossemyra	Nybygg	
	Kyststi	Varnappen-Dalstø	Nybygg/rehabilitering	
	Avlastingshall	Grasdalen	Nybygg	
	Rideveg	Kårbø	Nybygg/rehabilitering	
	Lyssett turveg	Vikebø	Nybygg/rehabilitering	
	Terrengsykkelanlegg		Nybygg	
	Fleirbrukshall	Meland Aktiv	Nybygg/rehabilitering	

Følgjande er Meland kommune si prioritering for nærmiljøanlegg:

Prioritering	Anlegg	Stad	Kommentar	År
1	Turstiar	Holsnøy/Flatøy	Pågåande	2014-19
2	Tuftepark/treningspark/ aktivitetsanlegg	Frekhaug torg	Planlegging 2018	2018
3	Tuftepark/treningspark/ aktivitetsanlegg	Holsnøy meieri	Planlegging 2018	2019
4	BMX	Austebygda Fritidspark	Planlegging 2018	2018
5	Tuftepark/treningspark	Haltejohansvika	Nybygg	2019
6	Aktivitetsflate	Fossemyra	Nybygg	2018-19
	Paintballbane	Holsnøy	Nybygg	
	Orienteringskart	Holsnøy	Nybygg/rehabilitering	
	Friluftsanlegg	Rylandsneset	Nybygg	
	Friluftsanlegg	Varnappen	Nybygg	
	Fiskeplass	Frekhaug	Nybygg	
	Friluftsanlegg	Skjelanger	Nybygg	
	Ballbane	Holmemarka	Rehabilitering	
	Ballbane	Ådland	Rehabilitering	
	Ballbane	Husebø	Rehabilitering	

	Klatrevegg	Rosland	Nybygg	
--	------------	---------	--------	--

Uprioritert liste:

Anlegg	Stad	Kommentar
Svømmehall med varmebasseng		Regionalt anlegg
Sjøbad		Regionalt anlegg
Kunstgrasbane	Leirdalen	Nybygg/rehabilitering
Løpebane utviding	Leirdalen	Nybygg/rehabilitering
Ballbanar andre		Nybygg/rehabilitering
Treningsanlegg		Fleire under planlegging

Folkehelse

Tiltaka har stor innverknad på folkehelsa i kommunen.

Miljø

Tiltaka har påverknad på miljøet

Økonomi

Saka har ikkje konsekvensar for kommuneøkonomien. Tiltak som kommunen kan stå for må eventuelt følgjast opp i økonomiplanen.

Konklusjon

Framlegg til 1. rullering for 2018/19 av handlingsplanen i Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

Utval for levekår - 11/2018**ULK - behandling:****ULK – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

Kommunestyret - 08/2018**KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik den ligg føre i vurderinga.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 141, FE - 142	17/338

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2018	Formannskapet	PS	31.01.2018
09/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

Stadfesting av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema

Vedlegg:

Merknadskjema til planprogram for rullering av arealdel på deltema

Framdriftsplan for kommuneplanen sin arealdel på tema.

Høyringsutkast - Rullering av kommuneplanen sin arealdel - Planprogram

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Formannskapet varsla oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel jmf. Plan og bygningslova. § 11-12, i tråd med vedtekte planstrategi. Planprogrammet er fyrste ledd i utarbeiding av kommuneplanen og vert lagt fram samstundes med varsling av planoppstart. Planprogrammet skal synleggjera føremålet med planarbeidet, visa kva plantema, problemstillingar og utgreiingar planarbeidet skal ha fokus på. Planprogrammet skal gje ei oversikt over kva tema som skal konsekvensutgreiast og gje grunnlag for å kunna koma med innspel og kommentarar tidleg i planprosessen.

Vurdering

Kommuneplanen sin arealdel skal rullerast på tema:

- Areal for havbruksnæring på land og vann, samt areal for djupvasskai
- Reiselivsrealtert næringsutvikling til dømes Meland golf
- Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser
- Areal for gjenbruksmassar(diverse typar jord og stein) i kommunen
- Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug - Dalstø

Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema, har vore på offentleg ettersyn og høyring med frist 14 november 2017. Det er kome inn 20 merknader til planprogrammet.

Hovudtrekk i merknadene

Hovudtrekk i merknadene frå offentlege mynde er at dei er i utgangspunktet positive til at kommunen ynskjer å rullere kommuneplanen sin arealdel på tema. Hordaland fylkeskommune viser til statlege planretningslinjer om samordna areal - og transportplanlegging, som kan kome i konflikt med utviklinga av Meland golf sine planer. Fylkesmannen peiker på at det kunne vere hensiktsmessig å planlegge for havbruksnæring i fellesskap med kommunane i Nordhordland. Både Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens vegvesen peiker på at det er ein omfattande jobb å planlegge for Sambandet Vest AS sine val av vegløysningar over Meland.

Hordaland fylkeskommune er kulturminnemynde og peiker særskilt på at det må takst omsyn til kulturminne og kulturmiljø i planarbeidet.

Forsvaret understreker at kommunen må forhalde seg til militær forbodzone i Herdlefjorden i planarbeidet.

Høyringsmerknadane medfører etter rådmannen si vurdering ikkje til å vi må gjere endringar i planprogrammet. Planprogrammet tek opp i seg innhaldet i merknadene. Tema som vert trekt fram i innspela er i stor grad omfatta av planprogrammet og vil verte teke med i det vidare arbeidet med planen.

Det er avtalt møte i regionalt planforum, som er ein møtestad mellom kommunane og statleg og regionalt nivå for å drøfte overordna planarbeid i kommunane. I møte vil tema vere framdrift ,prosess og eventuelle utfordringar i arbeidet med rullering av arealdelen på tema, knytt opp mot merknader frå stat og fylke.

Frå privatpersoner og verksemder er det kome inn innspel til reiselivsrelatert næringsutvikling frå aktørar som ynskjer å utvikle reiselivsprodukt knytt opp mot eigedomen sin.

Det er kome inn innspel frå aktørar i havbruksnæringa som ynskjer å utvide/endre på verksemda sitt areal og eller produksjonstype.

Dei private innspela retta mot reiselivsatsing, havbruksrelatert næring vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.

Oppsummering av merknadane og rådmann si vurdering ligg ved dokumentet.

Framdrift og organisering av det vidare planarbeidet

Planarbeidet har i seg ulike tema, nokre meir ressurskrevjande enn andre å få planlagt. Tidshorisonen for å få vedta planen er kort i arealplansamheng. Under er det kort oppsummert korleis vi skal arbeide vidare med tema. *Detaljert framdriftsplan ligg ved saka.*

Rasteplasser og utsiktspunkt er deltema i Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019. Planen er vedteke i kommunestyre i desember 2017. Nokre av områda som er skissert i planen vert teke med vidare i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Areal for gjenbruksmasser, typar jord og stein: administrasjon er i dialog med bønder i Meland for å finne eigna areal til formålet. Det er etterspurt framlegg til areal for gjenbruksmasser, gjerne sett i samheng med større utbyggingsområder i gjeldane arealplan i e -post til bøndene.

Det er og invitert til møter med næringa for å drøfte temaet i februar.

Trase for Sambandet Vest. Grunnlaget av arbeidet er lagt i konseptvurderingane som er utført i regi av Sambandet Vest sine vegkonsulentar, men for å få kartfesta dette i arealdelen for Meland kommune, må det utførast konsekvensutgreiing for løysningane. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som krevje særskilt kompetanse på infrastruktur. Gjennom Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) si tilskotsordning til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman, har kommunane Lindås, Meland og Radøy fått tilskot til reguleringsarbeid for Sambandet Vest. Fellesnemnda godkjende at Sambandet Vest AS får disponere inntil kr 2 mill. av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune. Dette arbeidet vert inkorporert som ein del av arealdelen til kommuneplanen for Meland.

Areal for havbruksrealtert næring på land og vann, samt areal for djupvasskai. Dette er eit omfattande og delvis konfliktfylt tema å planlegge for. Havbruksnæring er i ei rivande utvikling og det kjem stadig nye løysningar for å utvikle havbruksnæringa på ein berekraftig måte. Kommunen ynskjer å bruke plankonsulent med særskilt kompetanse på havbruk for å få faglege gode løyningar på tema. Det er invitert til fellesmøte med næringa om tema.

Det er viktig for å sikre god informasjonsflyt og medverknad i arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel, både internt organisasjonen og særleg eksternt til innbyggjarane. Det er etablert administrative arbeidsgrupper med fagkompetanse innan sine område. Næringa er invitert på møter med kommunen. Det har vore møter med reiselivsnæringa og Meland golf og naturpark. Det er sett opp møte med havbruksnæringa og bøndene i februar. Det vil og bli opne møter og kontordagar i løpet av arbeidet.

Detaljert framdriftsplan vert lagt ved saka.

Konklusjon

Oppsummert meiner rådmann at planprogrammet som ligg føre gjev eit godt grunnlag for arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel på tema. Det er ikkje behov for å revurdere planprogrammet. Innspel frå offentlege mynde vert ein del av føringane for arbeidet med planen Innspel frå privatpersoner og verksemder vert vurdert i den vidare prosessen med utarbeiding av plandokumentet. Rådmann vil tilrå at planprogrammet vert godkjent slik det ligg føre.

Framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §11-3, godkjenner kommunestyre planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på tema.

Formannskapet - 10/2018**FS - behandling:****FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §11-3, godkjenner kommunestyre planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på tema.

Kommunestyret - 09/2018**KS - behandling:****Framlegg til vedtak frå Miljøpartiet Dei Grøne v/Karina Garnes Reigstad:**

I medhald av plan- og bygningslova §11-3, godkjenner kommunestyre planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på tema.

- Areal for havbruksnæring på land og vann, samt areal for djupvasskai
- Reiselivsrealtert næringsutvikling til dømes Meland golf
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser
- Areal for gjenbruksmassar(diverse typar jord og stein) i kommunen
- Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug - Dalstø

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 21 røyster for, (7 AP, 5 H, 3 FrP, 3 SP, 3 KrF), 5 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 5 røyster for, (2 MDG, 2 Uavh, 1 V), 21 røyster mot, og fall.

KS - vedtak (mot 5 røyster):

I medhald av plan- og bygningslova §11-3, godkjenner kommunestyre planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på tema.

Grunngitte spørsmål frå Øyvind Bratshaug, FrP i kommunestyret 14.02.2018

1. Status i arbeidet med ny vei Rossland – Fløysand?
- 2) Det har kommet innspill om at penger til salting/brøyting av kommunal vei er brukt for sesongen?
 - a. Stemmer dette?
 - b. Hva er løsningen?
 - c. Er det behov for å endre prioriteringer?

Mvh
Øyvind Bratshaug

Svar på grunngitt spørsmål 1 frå representanten Øyvind Bratshaug (FrP) i Meland kommunestyre 14.02.18

Det ligg ikkje føre godkjent reguleringsplan. Grunnundersøking langs traséen er gjennomført. På grunn av dårlege grunnforhold over ca 800 meter i søre del av prosjektet ved Leiro, vil det bli bygd ny veg øst for eksisterande trasé. Resten av strekningen vil bli utbetra med gang- og sykkelveg.

Det er gjennomført workshop for å vurdere alternativ trasé og det pågår arbeid med ein silingsrapport for anbefalt trasé. Reknar med at vi får rapporten før vinterferien.

Antatt framdrift planarbeidet: Ferdig planforslag innan 2018. Godkjent reguleringsplan innan våren 2019.

Anslag våren 2019

Antatt anleggsstart 2021

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Svar på grunngitt spørsmål 2 frå representanten Øyvind Bratshaug (FrP) i Meland kommunestyre 14.02.2018

Vi følgjer gjeldande tenestestandard når deg gjeld brøyting og strøing. Den seier noko om nivå på tenesta og prioriterte område, som for andre tenester vi leverer.

Budsjettet er sett opp ut frå årelang erfaring med kva det kostar å drive vintervedlikehald i tråd med denne standarden.

Det er ikkje budsjettmidlar til å heve nivået eller frekvensen på vintervedlikehaldet. Det må i så fall skje i den årlege budsjettbehandlinga, gjennom auka budsjett og på bakgrunn av politiske prioriteringar.

Eventuelle budsjettavvik blir handterte innanfor tenesteområda samla sett.

Martin W. Kulild
rådmann